

Melding om brannvernet 2015.

I medhald av " Lov om vern mot brann m.v." av 14.juni 2002 nr.20, og "Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn" av 26.juni 2002, med endringar av 22.august 2002, § 5-2 punkt c samt i tråd med vedteken og godkjend " Brannordning for Vaksdal kommune" avsnitt C, "Administrasjon og leiing" punkt 4 "Planar /rapportering" – har brannsjefen utarbeida " Melding om brannvernet 2015 og plan for brannførebyggjande tiltak 2016."

Hovudmål:

Ha god kvalitet og effektivitet på dei tenestene me skal utføra, nytta dei ressursane som står til rådvelde mest mogeleg effektivt for å auka lovpålagt kompetanse, skifta ut utrangert utstyr og skaffa mest mogeleg nytt kvalitetsutstyr til best mogeleg pris innafor dei rammene ein har til rådvelde.

- HMS-krav til tenesta er;
- Det skal ikkje som følge av vår aktivitet oppstå skade på person, verken fysisk eller psykisk, som medfører legebesøk eller fråvær frå jobben.
- Det skal ikkje som følge av vår aktivitet oppstå unødig utslepp til det ytre miljø.

Generelt:

Det er no sterkt fokus på at krav til utdanning, krav til personleg verneutstyr, krav til røykdykkarteneste og -utstyr, krav til frigjerings-utstyr etc. Mykje av utstyret skal ha ekstern godkjenning.

Oljevernberedskapen har har no blitt bedre i distriktet, og no er det eit felles arbeid for å få denne opp på eit forsvarleg nivå i kvar kommune gjennom betre samarbeid og hjelp frå IUA. Vaksdal brannvern har fått utplassert ei grunnpakke for akutt forureining, Meininga med denne er at den skal fungera som ei førstehjelp til større resursar kan stilla på skadestaden.

Nytt TETRA-samband (nødnett) blei satt i drift 28.10.15. kl. 12.00

Dette blei markert med ein Simulert kollisjon med påfølgende Brann i kvamsto tunellen, med direkte over føring av utrykning og sambands bruk til 110 sentralen i Bergen.

Vedlikehaldet på brannstasjonar og materiell, samt ivareta at utstyret til ei kvar tid er operativt og på rett plass er det nødvendig å nytta brannmanskapet i større grad en tidlegare. Oppgåvene vert stadig utvida, og det er ekstra viktig for å vedlikehalda, sjekka og dokumentera at materiellet me har til ei kvar tid er er klart for operativt bruk. Dette vil igjen gjera manskapet tryggare på bruken i skarpe situasjoner.

Det er arbeid i gang med å sjå ei ny brannordning / muligheiter for samarbeid med nobokommunar, resultatet av dette vil nok påverka kva utfordringar me vil få i framtida med tanke på kva beredskap kommunen vil ha. Den overordna ROS analysen vil også spela inn her.

Tilsyn: Det er utført 14 tilsyn av 26 § 13 Objekt. (særskilt brannobjekt.)

Feiing:

Feiing utført:	1555 piper
Ikkje utført :	109 piper
Tilsyn :	331 eldstader / husvære
Ikkje utført :	6 husvære

HMT:

Det er kontinuerleg gjennomføring av kontrollar med utstyr, bilar og helsekrav i medhald av Arbeidsmiljøloven §14. Nye innsatsplanar vert laga med ROS-analyse for tiltak, instruksar og

prosedyrar. Det er lagt til rette for avviksmeldingar etc. Verneombod er valgt, og vernerunder er gjennomført. Helsekrav for tilsette i brannvernet vert gjennomført, og helsesjekk med bedriftshelsetenesta. Instruksar etter dimensjoneringsforskrifta er/blir utarbeidd, og veiledning for røykdykking vert tilstreba oppfylt.

Kjøretøy:

Brannvernet har i dag desse kjøretøya;

Dale brannstasjon: 1 Scania P380 4x4, 2009 modell, 1. utrykningsbil. (Hovedbrannbil)
1 Scania P380 4x4, 2009 modell, tankbil.
1 Mitsubishi L200 Røykdykkarbil, 2012 modell

Trollkjelen brannstasjon: 1 Mercedes Benz 1124, 4x4, 1994 modell

Eidslandet brandepot: 1 Fargo 1965 modell, mannskap og utstyr.

Bilen på Trollkjelen er frå 1994 (22 år) og bærer preg av dette. Tank kapasiteten stettar ikkje krava til første innsats/røykdykkar innsats. Tankbilen er levert med tank i rustfritt stål og reinseutstyr/vasketurbinar montert for å kunne kjøra drikkevatt godkjent av mattilsynet etter vask på meieriet.

Personleg verneutstyr:

Personleg verneutstyr er underbekledning, utrykningsbekledning (bukse/jakke), brannstøvlar, hjelm, kjeledress for lettare oppdrag og arbeidshanskar. Røykdykkarutstyr og filtermasker er og brukt til personleg verneutstyr for å sikra at arbeid i helsefarleg miljø er forsvarleg. (HMS-krav)
Det er no investert i eit extra sett med utrykningsklede til alle mannskapa.

Røykdykkarutstyr:

Dette er utstyr som er naudsynt å ha på i dei aller fleste oppdrag der det er røyk eller gassar inne i biletet. Det vert nytta som personleg beskyttelse i røykfull område. Dette er kostbart utstyr som krev mykje trening med påfylgjande vedlikehald.

Anna utstyr:

Innkjøp av nytt utstyr og utskifting av utrangert utstyr har føregått kontinuerlig dei siste åra og held fram for å få oppdatert og tenleg utstyr for å løysa oppgåvene me vert stilt over for. Effektivt og nok tenleg og naudsynt utstyr er målet. (Jrf. Dim.forskrifta §6-1).
Personsovkjarane me har hatt er no ute av drift etter at TETRA (nødnett) ble tatt i bruk.

Utdanning:

Grunnutdanning som brannkonstabel er no obligatorisk. No ynskjer me å prioritera grunnkurset på dei som mangler dette, og brevkurset på dei nyansatte.

Før grunnkurset må alle ha gjennomført brevkurs / nettbasert kurs i brannvern. Dei må og ha 2 års teoretisk og praktisk opplæring i eige brannvesen før grunnkurset. (Skal dokumenterast) Dette er obligatorisk før vidare utdanning og må gjennomførast.

Opplæringa / deltidsopplæringa vert gjennomført gjennom eit samarbeidsprosjekt av deltidsbrannvesena i heile hordaland der det vert arrangert kurs tildelt frå Norges brannskule

Mål for 2016 er å sikra at alle mannskapa har dei lovpålagde øvelser og kvalifikasjoner som skal til for å utføra sine oppgåver på ein sikker og tilfredstillande måte. Det er også eit mål at dei som er kvalifiserte til det, skal gjennomføra grunnopplæring for brannkonstabel i deltidsbrannvesen. Me vil også prøva få på plass fleire sjåførar med førerkort Kl. C, for å sikre at bilane til ei kvar tid kjem seg ut, det er i tillegg trong for kompetansebevis for utrykningskjøring (kode 160, utryknings sertifikat) for

nokre, og repetisjonskurs for dei som har eit slikt eldre enn 5 år. Repetisjonskurset er mykje kortare enn fullt kurs.

Aktivitetar:

I 2015 var det 36 utrykningar. Samanlikning siste åra;

2006 : 29 Stk.

2007 : 19 Stk.

2008 : 24 Stk.

2009 : 33 Stk.

2010 : 33 Stk.

2011 : 43 Stk.

2012 : 48 Stk.

2013 : 43 Stk.

2014 : 20 Stk

Det var 1 dødsulukke i 2015.

Elles fordeling:

Falsk: 5 stk. Unødig: 4 stk. Brann Hus/Bil: 6 stk. Trafikkulykker: 16 stk. First Responder: 4 stk.

Bistand annet brannvesen: 1 stk.

Merknader:

Ikkje utført = ingen heime, manglande takstige / ikkje tilgang, snøtilhøve, ønsker ikkje feiing / tilsyn.

Plan for brannførebyggjande tiltak 2016.

AKTIVITET / TILTAK	MÅLSETJING
Branntilsyn	Gjennomføra fleire tilsyn i registrerte §13 objekt,
Lokal deltaking i landsomfattande brannførebyggjande kampanjer.	Opplegg og regi av dsb og Norsk Brannvern Forening. Aksjon boligbrann, åpen dag etc. Elles etter bemanning.
Feiing / Tilsyn bustader	Målsetjing å feie alle pipene kvart 4. år, med unntak av der behovet er annleis. Tilsyn av eldstader vert i fyringssesongen.

Andre aktivitetar har ikkje brannvernet personell på dagtid til å gjennomføra.

Investeringsbehov:

Brannbilen på Vaksdal bør skiftast ut. Ny brannstasjon på Vaksdal bør prioriterast fordi stasjonen som ein nyttar i dag ikkje tilfredstiller dagens krav til HMT regelverket. Dale brannstasjon tilfredstiller heller ikkje dagens krav til arbeidsmiljø med tanke på ventilasjon, garderobeforhald, rein og skitten sone. (jmf. *Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler*). På bakgrunn av dei opplysningane som er kome fram i den seinare tid vedrørande kreft faren blant brannpersonell i forhold til andre yrkesgrupper, må me prioritera tiltak her. Med den auka fritidsbustad bygginga i kommunen vår, samt for å komma fram i tunnellar må me snarast råd anskaffe ein ATV med trekant belter som kan nyttast både sommer og vinter for å få fram utstyr og materiell.